

## BLAD

Returadresse:  
Kyrkjebakken  
Austrheimsvegen 1262  
5943 Austrheim

# Bygdetreff

## Høyrest ikkje det triveleg ut ?

Då var tida kome for siste bygdetreff i 2022.

Håpar du har lyst til å vere med denne gongen også. Vi treffest i kyrkjelydshuset

onsdag 30.november  
kl. 11-13

for eit sosialt samvær med  
god mat.

**Set av datoen med ein gong.**

*Diakoninemnda i kyrkjelyden.*



*Kyrkjebakken nr. 8 – 2022 – oktober – nytt stoff til julenummeret innan 17. november*



# KYRKJEBAKKEN

Informasjonsblad for Austrheim sokn



## Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret  
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)  
Bodil Monslau 414 57 215  
Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90,  
eller Edvard Bjerkestrand 46922638

## Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 72 90  
E-post: post.austrheim@kyrkja.no  
www.austrheimkyrkja.no

### Kontortider:

Sokneprest: Treffid etter avtale  
Kyrkjeverje:

### Bustadtelefonar:

Sokneprest Rune Minde	906 95 377
Kyrkjeverje Leif Arne Økland	40 06 52 31
Organist og kyrkjelydspedagog	
Jostein Hauge	40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland	41 30 85 58
Soknerådsleiar	
Helge Dyrkolbotn	41 66 26 10

### Redaksjonen

Epost kyrkjebakken:  
kb.austrheim@kyrkja.no

Utgjevar:	Austrheim sokneråd
Redaktør:	Jostein Hauge,
Redaksjon:	Jorunn Kårdal, Britt Rebnord, Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim  
Trykk og Design Trykk-Service as

# Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

Følg med på heimeside,  
facebook og plakat for  
eventuelle endringar.

Søndag 06.november  
Helgemesse kl. 11.00  
ved Magne Bjørndal

Søndag 20.november  
Familiegudsteneste

Søndag 27.november  
Lysmesse kl. 19.00 ved  
Amelie K. Storebø,  
Rune Minde og konfirmantane

Onsdag 30.november  
Bygdetreff kl. 11 -13. Kyrkjelydshuset

Fredag 09.desember  
Gudsteneste for alle kl. 18.00

### ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

1/1 side + bakside	kr.1.000,-
3/4 – 2/3 side	kr. 750,-
1/2 side	kr. 500,-
1/3 side	kr. 350,-
1/4 side	kr. 250,-
Små annonser	kr. 150,-
Korte takkeannonser er gratis.	

# Liv et er meining

Viktor Frankl var ein ung jødisk psykolog som hamna i konsentrasjonsleir under andre verdskrig. Kona hans og det meste av familien vart drepne, men Viktor Frankl overlevde. Åra i konsentrasjonsleir gav Frankl mogelegheit til å sjå det verste, men og noko av det beste, som finst i mennesket. Viktor Frankl kom ut av åra i konsentrasjonsleir som ein overbevist kristen og med sin eigen psykologiske teori. Medan Sigmund Freud laga ein psykologisk teori som sentrerte rundt seksualitet, laga Viktor Frankl ein teori som sentrerte rundt meining.

I konsentrasjonsleirane opplevde han at folk kunne halda ut dei verste lidningar så lenge dei hadde håp og noko å leva for. Og motsett, når håpet og meininga forsvann, døydde folk mykje raskare. Viktor Frankl sin psykologiske praksis kom etter krigen til å handla om å hjelpe det moderne mennesket med å finna meining.

Det vert sagt at eit trekk ved det moderne samfunnet er bortfall av meining. Våre liv vert ikkje lenger sett inn i ein stor narrativ, ein stor samanheng. Individet må konstruera si eiga mening, skapa sin eigen identitet, lausrive frå tradisjon og religion. For mange er dette både einsamt og vanskeleg. Psykiske problem, depresjon og sjølvskading er blitt urovekkande vanleg blant unge. Foreldre gjev borna sine alt det gode dei kjem på, men korleis gjeva noko å leva for? Korleis gjeva born og unge meining og håp som gjev hjelp til å halda ut også det vanskelege og kjedelege i livet?



Det finst mange religionssubstitutt som lokkar, men som ikkje er gode i lengda.

I Kolossarbrevet skriv Paulus om korleis Kristus er den som skapar samanheng i tilværet: «Han er før alt, og i han blir alt halde saman. (...) *Han er opphavet, den førstefødde frå dei døde, så han i eitt og alt skal vera den fremste. For i han ville Gud la heile sin fylde bu, og ved han ville Gud forsona alt med seg, det som er i himmelen, og det som er på jorda, då han skapte fred ved hans blod på krossen. (...) Eg ønskjer at dei må få (...) bli knytte saman i kjærleik og nå fram til heile rikdomen av overtyding og innsikt, så dei kan fatta Guds mysterium, som er Kristus. For i han ligg alle skattar av visdom og kunnskap gøymde.» (Kol. 1,17-20; 2,2-3) Kristus gjev ein narrativ me kan verta ein del av som gjev ballast til både born, unge og vaksne, gjennom vind og bølger i dette livet og vidare inn i det neste.*

Frode Brügger Sætre

# Jofrid Kvalvågnes **Min salme**

Det er så mange nydelige salmer fulle av livsvisdom, trøst, mot og håp. Heldigvis har jeg alltid vært glad i tekstene, jeg skriver heldigvis, fordi her har jeg funnet en stor rikdom. Gjennom livet får man erfare at disse tekstene holder også i de mørkeste perioder av livet. Ja det har jeg fått erfare, at man kan bruke disse tekstene både som brennende fakler når

man ikke orker mer eller ikke finner veien igjen, i ensomhet, sorg, sykdom og veldige tap. Og så er det noen av disse som skiller seg ut ved å lyse ekstra sterkt, og det er en av de jeg har valgt som min salme.

Navnet Jesus blekner aldri! (Av David Welander 1923) Jeg lærte den som bitteliten. Jeg syntes den var fantastisk! Jeg var så veldig glad i Jesus! Jeg er fremdeles veldig glad i Jesus, min trofaste venn gjennom alt. Jesus. Han har bevart min sjel. Og best av alt, Gud er kjærlighet, Jesus er kjærlighet!

“Navnet Jesus må jeg

elske, det har satt min sjel i brann! Ved det navnet fant jeg frelse, intet annet frelse kan!! “

Vi lever i vanskelige tider, krig og nød er kommet tettere på, mange er redde. Jeg finner styrke i at det finnes noe godt

som aldri kan røkkes ved! Jeg tilhører Han!

“Og når solen mer ei skinner, Jesu-navnet lyser enn! Da den frelste skare synger høyt dets pris i himmelen!!”

**Takk Jesus.**

**Navnet Jesus blekner aldri!!**

**Aldri. Mvh Jofrid Kvalvågnes**

*Navnet Jesus blekner aldri,  
Tæres ei av tidens tann.  
Navnet Jesus, det er evig,  
Ingen det utslette kan.  
Det har bud til unge, gamle,  
Skyter stadig friske skudd.  
Det har evnen til å samle  
Alle sjeler inn til Gud.*

*Navnet Jesus må jeg elske,  
Det har satt min sjel i brann.  
Ved det navnet fant jeg frelse,  
Intet annet frelse kan.*

*Jesu navn! Hvor skjønt det klinger,  
La det runge over jord!  
Intet annet verden bringer  
Håp og trøst som dette ord.  
For det navn må hatet vike,  
For det navn må ondskap fly.  
Ved det navn skal rettferds rike  
Skyte friske skudd på ny.*

*Midt i nattens mørke blinker  
Som et fyrlys Jesu navn,  
Og hver hjelpløs seiler vinker  
Inn til frelsens trygge havn.  
Og når solen mer ei skinner,  
Jesu navn, det lyser enn.  
Da den frelste skare synger  
Høyt dets pris i himmelen!*

## BIBLIOTEKET - OPNINGSTIDER



**Tysdag 10-15**

**Onsdag 14-19**

**Fredag 10-15**

### FONNES FILIAL

Filialen er open for publikum torsdagar

**14 - 16.30.**

Fonnes filial sine opningstider følger elles skuleruta, og vil vera stengt i skulen sine feriar.

*Følg oss gjerne på facebook*

*God bok*



## LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege 113 heile døgret.

**Legevakt 116117**

### AUSTRHEIM LEGEKONTOR

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

Kl.08.30 - 15.00.

Telefontid: 08.30 - 12.00 og 13.00 - 15.00.

Torsdag er telefontida frå kl. 09.30

**INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!**

### ÅRÅS HELSESTASJONEN

Åpningstider for publikum:

kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

## TELEFONNUMMER I PLEIE OG OMSORG.

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen /kjøkken: 56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23

Forvaltningskontoret :  
56162142/56162138»



## RESTAURERING AV MUREN RUNDT KOLERAKYRKJEGARDEN

Dette har vore omtalt i Kyrkjebakken før. Og omsider er arbeidet godt i gang med å få gjort noko med skadane i gråsteinsmuren rundt kolerakyrkjegarden. Vi engasjerte Haakon Aase til å laga ein analyse av reparasjonsbehovet. Arbeidet hans er eit godt grunnlag for det arbeidet som pågår no, sjølv om arbeidet vert utført av Jan Hopland og Adam Bauge.

# ÅRÅS BEDEHUS

Søndag 30. oktober, Formiddagsmøte 11:00 Arnfinn Norheim talar.

Onsdag 2. november kl 19:00 Bønnesamling

Lørdag 5. november kl 13:00 Bedehusdagen

Onsdag 16. november kl 19:00 Bønnesamling

Søndag 27. november, Formiddagsmøte kl 11:00. Odd Sverre Hove talar.

Onsdag 30. november kl 19:00 Bønnesamling

Søndag 11. desember, Adventsmøte kl 11:00. Olav Andre Soltveit talar.

Kjellaren for 5-7. trinn. Torsdagar 18:00-19:30

Ving for 4 år til 4. trinn. Annankvar torsdag 17:00-18:00

Velkommen til samlingane! [www.austrheimindremisjon.no](http://www.austrheimindremisjon.no)  
Austrheim Indremisjon på Facebook.

# JULEBASAR

På Litlås bedehus

Fredag 25 november Kl 18.00

Andakt.  
Åresal, sal av litt småbakst og handarbeid,  
loddbok og tombola.

Kom og bli med oss denne kvelden, du er hjarteleg velkommen!

## HAR DU «GRØNNE» FINGRAR OG LIKAR Å ARBEIDA MED PLANTAR OG HAGE?

**Kan du tenkja deg å driva med  
planting og stell av graver på  
Austrheim gravplass?**

Austrheim Sokn har pr dags dato avtale om stell av 51 graver, der 35 av desse ligg på gravplassen på Austrheim. Arbeidet inneber å planta ut blomar til 17.mai, sommarblomar, lyngplantar om hausten og få lagt ut kransar til jul.

Plantar og anna vert kjøpt inn på soknet sin kostnad. Innimellom må det lukast og vatnast.

Vi betalar ei godtgjering pr grav. Ta kontakt om dette er av interesse.

Du kan kontakta kyrkjeverje Leif *Arne Økland på mail:* [lo799@kyrkja.no](mailto:lo799@kyrkja.no) eller på tlf 400 65 231

## Tusen takke

til diakoninemnda for helsinga som Torunn kom med på 80-års dagen min.

**Helsing Lillian Hagen**

## Mange takke

til diakoninemnda for oppmerksomheten eg fekk på min 81 års dag. Takk til Bodil som kom med den.

**Helsing Svein Magnussen**

## Mange takke

til diakoninemnda for oppmerksomheita eg fekk i forbindelse med min 80 års dag.

**Helsing Arne Larsen**

## Takkear

for alle helsingane eg fekk til 80 års dagen min og for gåva frå diakoninemnda. Takk til Svanhild som kom på besøk.

**Helsing Bjørg Leirvåg.**

## Takke

for vennlig deltagelse ved Olaug Marie Nesse sin bortgang. Takk til alle som kunne vere sammen med oss. Vil takke presten Rune Minde og Vatne begravelsesbyrå for ein fin seremoni. Takk til Nordliheimen for god pleie og omsorg

**Helsing familien**

## Tusen takke

Tusen takk for all omtanke og støtte ved mamma Gerd Nyheim sin bortgang. Takk for pengegåva til Nordliheimen.

En spesiell takk til heimesjukepleien som mamma var så glad i.

**Mvh Geir, Helge, Anne Lise, Britt og Jannicke**

## Hjarteleg takke

for deltaking og blomsterhelsingar ved vår kjære mor Frida Dyrøy sin bortgang. Ein spesiell takk til heimesjukepleien, legane Peter Kubon, Willy Davidsen Raas og Nordliheimen for god pleie og omsorg. Takk og til Vatne begravelsesbyrå og prest Rune Minde.

**Helsing familien**

## Gravferd

02.09	Frida Margrete Dyrøy	f.1934
23.09	Kjellaug Gunvor Kaland	f.1953
27.09	Målfrid Eldbjørg Rebnord	f.1935
27.09	Olaug Marie Nesse	f.1951
11.10	Elfrida Karin Dyrøy	f.1945
21.10	Kjellfrid Ulvøy	f.1936
24.10	Hans Førland	f.1938
14.10	Hilda Torsvik Krossøy	f. 2022

## Vår varmeste takke

for all vennlig deltakelse, blomsterhilsener og gode ord i anledning min kjære kone, vår mor Målfrid E. Rebnord sin bortgang. Takk til Vatne begravelsesbyrå, Prest Tormod Aamli, organist Hermund Rebnord Og nydelig sang fra Amelie Katharina K. Storebø. Hjertelig takk for pengegaven til Redningssselskapet

**Beste hilsen Håkon Elin, Harald og Jostein m/ familie**



# Ei innhaldsrik helg

1. helga i oktober var variert i Austrheimkyrkja. Det heile starta med at fredag kveld skulle vi samlast til gudsteneste for alle. Mange lurar på namnet på denne gudstenesta. Er ikkje alle gudstenester for alle? Jo, det er dei. Grunnen til denne er at den speglar NFU og regjeringa sitt «samfunn for alle». Gudstenesta er tilrettelagt for mennesker med nedsett funksjonsevne, og alle er hjarteleg velkomen. Det er ei kjekk samling vi har saman i kyrkja, og det er alltid kyrkjekaffi etterpå. Denne fredagen vart litt spesiell, for ei av dei som har vore med i mange år, Olaug Nesse, var gått bort. Vi tok fram eit bilete av Olaug og tente eit lys for ho. Vi hadde hatt mange gode stunder i lag, og det var godt å få kunne minnst ho.



Laurdag var den internasjonale eldredagen, og her i Austrheim har vi ein flott tradisjon med at eldredagsarrangementet startar med ei gudsteneste før det er middag og underhaldning på samfunnshuset. Etter fleire koronaår var det godt å kunne få vere med på eit skikkelig eldredagsfeiring!

Søndag kveld hadde vi ei gudsteneste med fokus på bøn. Her var alt frå samlingsbøn, salmar og preike knytt mot akkurat dette temaet. Her var det opning for å kome fram til altaret og enten be ei

bøn, bli bedd for eller velsigna. Det var og høve til å tenne lys. Under denne delen av gudstenesta gjekk det forskjellige bibelvers over skjermene medan forsongargruppa song. Til denne gudstenesta hadde dei øvd inn fleirstemt song som gjorde noko med stemninga.

Tre veldig forskjellige gudstenester, men felles for alle er at Gud er alltid med oss. Om det er i kyrkja, kvardagen, fest eller sorg så er Gud alltid med.

**Rune M**

# SPØRJESKJEMA - KVIFOR DET?

Ja, det kan ein lure på. Kva skal ein med eit spørjeskjema etter i Austrheimkyrkja?

Du fekk sikkert med deg spørjeskjemaet i forrige Kyrkjebakken, eller det digitale skjemaet på heimesida vår. Soknerådet har i lang tid arbeidd med å få på plass eit slagord eller ein visjon for arbeidet som ein held på med i kyrkjelyden. Etter gode råd har vi no snudd på flisa og ser meir på kva vi som kyrkjelyd skal arbeide med framover. Difor ynskjer vi å få med så mange som råd er i denne prosessen. Vi håpar difor at nett du vil ta deg nokre minuttar og svare på desse enkle spørsmåla. Soknerådet vil bruke noko tid på det vidare arbeidet, og svara som kjem inn vil vera til god hjelp for oss til å legge planar for arbeidet soknet skal arbeide med.

**Takk for hjelpa**

**Helge D  
Leiar i Austrheim  
sokneråd**





**KILSTRAUMEN**  
BRYGGE

ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,  
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975  
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM



Vi leverer mat til alle anledninger,  
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte


Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

**Knüter**  
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | [www.knutercatering.no](http://www.knutercatering.no)



**DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !**

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!  
Når kvalitet og service teller



Utfører vasking,  
rensing  
og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887



**Panasonic**  
**Varmepumper**

5937 BØVÅGEN

Mob. 481 31 534

[byggboe@online.no](mailto:byggboe@online.no)



Vil du være  
**èn for andre?**

Vi søker lyttende  
medmennesker i alle  
aldre, legninger, yrker,  
trosoppfatninger og  
farger.

Se mer og søk på  
[kirkens-sos.no/frivillig](http://kirkens-sos.no/frivillig)




**Vatne**  
Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til  
med rådgivning  
og tilrettelegging  
ved begravelser  
og bisettelser.

**Ring døgnvakt:**  
**56 35 09 10**  
[www.vatne-byra.no](http://www.vatne-byra.no)  
Kvassnesvegen 11  
5914 Isdalsbø

**Gravminner**

Norsk design og produksjon.  
Se utvalg på: [www.oienstein.no](http://www.oienstein.no)  
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim

Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

# 50 ÅRS KONFIRMANTAR I 2022

Bjørn Strømsnes  
Dagny Ludvigsen  
Edvin Roald Langøy  
Einar Arne Utkilen  
Eli Sofie Vikane  
Elisabet Nora Sævrøy  
Ester Sissel Sætre  
Frode Sætre  
Gunnar Arvid Fønnes  
Gunnar Mikalsen  
Hege Råkil

Helge Øksnes  
Hogne Sønnesyn  
Ingar Hopland  
Ingeborg Lillian Sætre  
Ingebjørg Øksnes  
Jorid Sørensen  
Jorunn Astrid Dyrøy  
Kari Vigdis Fønnes  
Kirsten Berit Hopland  
† Kurt Hedstrøm  
Margot Helene Sætre  
Margrethe Myklebust  
Marit Johanne Njøten  
Marion Solberg  
Per Lerøy  
Reidun Irene Våge  
Sigbjørn Fønnes  
† Vidar Dahle

## Helgemesse

Kvart år markerer kyrkja i Austrheim helgemesse ved å minnst dei som har gått bort siste året. Då vert namna lest opp, og det vert tent eit lys for kvar av dei. I år skjer det på gudstenesta søndag 06.nov kl. 11.00. Den som var kontaktperson for gravferda vil få tilsendt invitasjon, men sjølv sagt er heile familien invitert.



**Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.**

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Spør oss gjerne om mer informasjon.

